




12.12.2023

Tildelingskriterier for pleie- og omsorgstenester i Austevoll kommune

Truverd Respekt Openheit Mot
Profesjonalitet





Innhald

Innleiing	3
Tildeling av tenester	4
Søknadsprosessen	4
Klage	4
Eigenbetaling for tenester	5
Lovregulering av helse- og omsorgstenestene i kommunehelsetenesta	5
Tverrsektoriell plikt til samordning, samarbeid og koordinering	7
Velferdstenestene har plikt til samarbeid og samordning	7
Individuell plan, koordinator og barnekoordinator.	7
Koordinerende eining	8
Individuell plan	9
Koordinator	14
Barnekoordinator	17
Andre koordineringsordningar	19
Kreftkoordinator	20
Tenestetildeling einskildvedtak:	23
Helsetenester i heimen	23
Praktisk bistand - heimehjelp	27
Praktisk bistand og opplæring	30
Støttekontakt	34
Brukarstyrt personleg assistanse, BPA	37
Korttidsopphald i institusjon	41
Rehabiliteringsopphald i institusjon	45
Langtidsopphald i institusjon	48
Omsorgsbustad med heildøgnsteneste	51
Omsorgsbustad	55
Tryggleiksalarm	58
Velferdsteknologi	61
Pårørandestøtte, opplæring og rettleiing	65
Pårørandestøtte avlastning i institusjon for eldre	68
Pårørandestøtte avlastning barn og unge	71



Austevoll kommune

Pårørandestøtte, omsorgstønad	74
Dagaktivitetssenter for personar med nedsett funksjonsnivå	77
Dagsenter for personar med demenssjukdom	80
Matombringning.....	83
Ergoterapi	85
Fysioterapi- Vaksne	88
Fysioterapi- born	91
Kvardagsrehabilitering	94
Psykisk helse og rus	97



Tildelingskriteria for pleie- og omsorgstenester i Austevoll kommune er utarbeidd som ein arbeidsreiskap for dei tilsette i helse- og omsorgstenestene i Austevoll kommune. Dokumentet er ein rettleiar for tildeling av tenester. Den gjev oversikt over kva tenester kommunen tilbyr, kor tenestene skal leverast, ansvarsfordelinga mellom ulike tilsette og grenseoppgangar mellom dei ulike tenestene.

Dokumentet er utarbeidd i 2023 i samarbeid mellom tildelingskontoret, dei ulike avdelingane som yt helse- og omsorgstenester og kommunalsjef for helse- og velferd.

Behovet for systematisk tenking kring prioriteringar vil være naudsynt, og det bør vere nokre prinsipp for disse prioriteringane innanfor sektorens tilgang på ressursar. Austevoll kommune er ein øykommune både med og utan veg og rutebåt samband. For å gje gode og forsvarlege tenester til alle, må det også innebere å setje nokre avgrensingar med tanke på å yte tenester. Mottakarar på øyar utan båtsamband vil bli prioritert i høve til tildeling av omsorgsbustadar og avklaringsbustad med påfølgande heimetenester, samt eventuelt sjukeheims plass.

Kriteria vert revidert kvart anna år.

Tildeling av tenester

Søknadsprosessen

Søknad bør vere skriftleg og signert av søkjar, men kan også fremmast munnleg. Den som kan setje fram ein søknad på andre sine vegne er foreldre til mindreårige barn, verje, advokat eller person med fullmakt frå parten. Søknad kan også komme frå lege, spesialisthelsetenesta eller anna helseinnsntans, men det må då tydeleg gå fram av søknaden at dette er med samtykke frå søkjar.

Viss søkjar har behov for hjelp til utfylling av søknad, så skal sakshandsamar eller tenesteytar bistå med dette, dersom søkjar ynskjer dette.

Forvaltningslova sine reglar for sakshandsamingsprosessen og einskildvedtak gjeld for vedtak om tenester etter helse og omsorgstjenesteloven §§ 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a til c, 3-2 a, 3-6 og 3-8 for tenester som er forventa å vare meir enn to veker. Men også tenester som ikkje er heimla her skal utformast som einskildvedtak dersom tenestene tildelast etter ei individuell og konkret vurdering, og om det er ei teneste det kan søkjast på.

I Austevoll kommune er det i hovudsak tildelingskontoret som tek imot søknadar om helse- og omsorgstenester og handsamar desse.

I tillegg utfører avdelingane ergoterapi- og fysioterapi samt avdeling for psykisk helse og rus sakshandsaming knytt til tenestene i deira einingar.

Klage

Dersom søkjar er usamd eller misnøgd med einskildvedtaket vedkommande mottek, kan vedtaket klagast på, jamfør pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2 og forvaltningsloven § 28. Klaga skal vere skriftleg og signert av klagar. Den som har klagerett er søkjar, verje eller den som har fullmakt til å klage på vegne av søkjar, jamfør pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2 og forvaltningsloven § 32.

Frist til å klage på einskildvedtak om helse- og omsorgstenester er 4 veker etter at vedtak er motteke, jamfør [pasient- og brukerrettighetsloven § 7-5](#)

Klage på eigenbetaling er 3 veker etter forvaltningsloven § 29.

Klaga skal sendast til den avdelinga som fatta einskildvedtaket for ny handsaming. Viss klagar ikkje får medhald, så vert saka sendt til klageinstansen som er statsforvaltar i Vestland for endeleg avgjersle.

For klage som gjeld omsorgsbustad og tryggleiksalarm er det den kommunale klagenemnda som er klageinstansen dersom det ikkje vert gjeve medhald i avdelinga som fatta einskildvedtaket.

Brukarar kan også klage på tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til eininga som yt tenesta, eller ved at brukar

sender anmodning til statsforvaltaren i Vestland om vurdering av saka, jamfør pasient- og brukerrettighetsloven § 7-4.

Eigenbetaling for tenester

Det er fastsett eigenandel for nokre av tenestene. Satsane er regulert i [forskrift om eigenbetaling for helse og omsorgstenester](#).

Kommunestyre fastsett årleg satsar i samband med budsjetthandsaming, [informasjon om gebyr og brukarbetaling for Austevoll kommune](#) finn ein på kommunen si nettside.

Lovregulering av helse- og omsorgstenestene i kommunehelsetenesta

Helse- og omsorgstenestene er underlagt ei rekke lover, forskrifter og andre førande dokument. Dei mest sentrale lovene knytt til tenestene er:

[Pasient og brukerrettighetsloven](#) gjev pasient og brukar rett til naudsynnte helse- og omsorgstenester samt rett til medverknad.

[Helse og omsorgstjenesteloven](#) gjev kommunen plikt til å yte helse- og omsorgstjenester
[Helsepersonelloven](#) bidreg til tryggleik for pasienter og kvalitet i helse- og omsorgstenesta.
[Forvaltningsloven](#) regulerer forvaltninga og gjeld for saksbehandling i dei tenester kor det vert fatta einskildvedtak.

Vi har også ei rekkje forskrifter, rettleiarar og offentlege dokument som legg føringar for tenestene, mellom anna:

[Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#)

[Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsgarantien\)](#)

[Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator](#)

[Forskrift om individuell plan ved ytelser av velferdstjenester](#)

[Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#)

[Pårørendeveileder](#)

[Veileder for saksbehandling](#)

[Veileder om samarbeid om tjeneste til barn, unge og deres familier.](#)

[Veileder om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator.](#)

[Veileder om oppfølging av personer med store og sammensatte behov.](#)

[Veileder om gode helse og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming.](#)

[Stortingsmelding 47 \(2008-2009\) Samhandlingsreformen](#)

[Stortingsmelding 29 \(2012-2013\) – morgendagens omsorg](#)

[Stortingsmelding 26 \(2014-2015\) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet](#)

[Stortingsmelding 15 \(2017-2018\) Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre](#)

[Stortingsmelding 5 \(2019-2020\) Levende lokalsamfunn for fremtiden – Distriktsmeldingen](#)



Austevoll kommune

[Stortingsmelding 14 \(2020-2021\) Perspektivmeldingen 2021](#)

[Stortingsmelding 38 \(2020-2021\) Nytte, ressurs og alvorlighet](#)

[Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering](#)

[Mestre hele livet- regjeringens strategi for god psykisk helse \(2017-2022\)](#)

I tillegg kjem kommunale skriv, så som:

[Rusta for framtida. Tiltaksplan habilitering og rehabilitering i Austevoll kommune 2019-2026](#)

Forskrift om rett til opphald i sjukeheim – kriteri og ventelister, Austevoll kommune.

Tverrsektoriell plikt til samordning, samarbeid og koordinering

Velferdstenestene har plikt til samarbeid og samordning

Når ein person har behov for eit samansett tenestetilbod som involverer fleire aktørar i velferdstenestene, er det ei plikt for aktørane å samordne tenestene. Målet er at personen som treng bistand og oppfølging skal få rett hjelp til rett tid. Velferdstenestene har plikt til å delta i samarbeid og samordning, dette omtalast som samordningsplikta (jamfør [lov om endringer i velferdstjenestelovgivningen](#)). Døme på modellar for samarbeid og samordning er betre tverrfagleg innsats (BTI) og individuell plan (IP).

Når det gjeld samordningsansvar, så er det opp til kommunane å sjølv bestemme kven som kan peikast på som samordningsansvarleg. Utgangspunktet er at alle tilsette skal oppdage behov for samarbeid og samordning, og sikre oppstart av samordninga, jamfør den nasjonale rettleiaren «[Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier](#)» (Helsedirektoratet, 2022). Dersom brukaren har rett på individuell plan (IP), vil samarbeidet og samordninga bli ivareteke gjennom koordinator eller barnekoordinator som har ansvaret for den individuelle planen.

Plikta til samarbeid og samordning på individnivå står i barnevernsloven § 15-8, familievernkontorloven § 1 a, opplæringsloven § 15-8, spesialisthelsetjenesteloven § 2-1 e, privatskoleloven § 3-6 a, barnehageloven § 2 b, NAV-loven § 15 a, krisesenterloven § 4, sosialtjenesteloven § 13, helse- og omsorgstjenesteloven § 3-4, tannhelsetjenesteloven § 1-4 a og integreringsloven § 50.

Individuell plan, koordinator og barnekoordinator.

Personar med behov for samordning av tenestene, kan ha rett til individuell plan (IP), jamfør helse- og omsorgstjenesteloven, barnevernsloven, NAV-loven og sosialtjenesteloven. Plikt til å utarbeide IP ligg til helse, barnevern og sosialtenesta/NAV, og er regulert i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-4, barnevernsloven § 15-9, NAV-loven § 15, sosialtjenesteloven §§28 og 33.

Plikt til å tilby koordinator er regulert i helse- og omsorgstjenesteloven § 7-1. Retten til koordinator er for pasient eller bruker som har behov for komplekse eller langvarige og koordinerte tenester. Retten er regulert i pasient og brukerrettighetsloven § 2-5 b.

Plikta til å oppnevne barnekoordinator er regulert i helse- og omsorgstjenesteloven §7-2 a. Retten til barnekoordinator er for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne som vil ha behov for langvarige og samansette eller

koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. Retten er regulert i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5 c.

Koordinerende eining

Alle kommunar pliktar å ha ei koordinerende eining (KE), jamfør helse- og omsorgstjenesteloven § 7-3. Koordinerende eining skal bidra til å sikra heilskaplege og koordinerte tilbod til pasientar/brukarar med behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering eller rehabilitering.

KE skal vere pådrivar for å sikre at brukar sitt heilskaplege behov er i sentrum for tenesteytinga, og bidra til forutsigbarhet og tidleg forløp. KE har ei viktig rolle for å sikre god samhandling med spesialisthelsetenesta og andre sektorar.

Koordinerende eining tek imot meldingar om behov for koordinerte tenester, tildeler individuell plan, koordinator og barnekoordinator og peikar på den eininga som skal ta ansvaret for iverksetjing og utføring.

Individuell plan

Tenestebeskriving:	Individuell plan
Tenestekode i Fagprogram:	IP
Mottak av melding om behov:	<p>Melding om behov for individuell plan rettast til koordinerande eining når behov er etter pasientrettighetslova, helse- og omsorgstenestelova og psykisk helsevernlova.</p> <p>Melding om behov for individuell plan rettast til NAV når behov er etter sosialtjenestelova og NAV lova.</p> <p>Melding om behov for individuell plan rettast til barneverntenesta når behov er etter barnevernlova.</p>
Lovheimel:	<p>Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5.</p> <p>Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 7-1 og 7-2</p> <p>Psykisk helsevernloven § 4-1</p> <p>Sosialtjenesteloven § 28 og § 33.</p> <p>NAV-loven § 15</p> <p>Barnevernsloven § 15-9</p> <p>Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator</p> <p>Forskrift om individuell plan ved ytelser av velferdstjenester</p>
Føremål:	<p>Bidra til at brukar får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod, for å sikre at det til ei kvar tid er ein tenesteytar som har hovudansvaret for oppfølginga av brukaren.</p> <p>Kartlegge tenestemottakaren sine mål, ressursar og behov for ulike tenester, samt å vurdere og koordinere tiltak som kan bidra til å dekke tenestemottakaren sitt teneste- og bistandsbehov.</p> <p>Styrke samhandlinga mellom tenesteytar og tenestemottakar og eventuelt pårørande.</p> <p>Styrke samhandlinga mellom ulike tenesteytarar.</p> <p>Bidra til at tenestene vert tilbydd tverrfagleg og planmessig.</p>
Målgruppe:	Søkjar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå kommunen og/ eller spesialisthelsetenester, samt deltakarar i kvalifiseringsprogram, har rett til å få utarbeidd individuell plan.

Kriteri/vurdering:	<p>Brukar treng langvarige og koordinerte tenester</p> <p>Brukar har oppfølging frå to eller fleire velferdstenester.</p> <p>Med velferdstenester meinast tenester, bistand eller tiltak som vert tilbydd eller ytast med heimel i lov nemnt under «lovverk».</p>
Innhald i tenesta:	<p>Individuell plan er eit planverktøy og ein metode for samarbeid mellom brukar og tenesteapparatet, og mellom de ulike tenesteytarane.</p> <p>Individuell plan er brukar sin plan. Det inneberer at planeigar sine mål og ynskjer skal vere utgangspunkt for planen.</p> <p>Koordinator skal sørge for naudsynt oppfølging av den einskilde pasient eller brukar, samt sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med den individuelle planen.</p>
Avgrensingar:	Færre enn 2 helse- og omsorgstenester/velferdstenester.
Grensesnitt til andre tenester:	<p>Samarbeid og samordning</p> <p>Individuell opplæringsplan (IOP) i skulen</p> <p>Individuell utviklingsplan (IUP) i barnehagen.</p> <p>Tiltaksplanar frå tenesteområda.</p> <p>Betre tverrfagleg innsats (BTI) her under stafettlogg.</p> <p>Koordinator</p> <p>Barnekoordinator</p>
Eigenbetaling for teneste	Nei
Nivå/ vanleg omfang:	Tildeling/ ikkje tildeling
Klageadgang:	<p>Brukar kan klage på avslag om individuell plan.</p> <p>Ved klage på avgjersle om retten til individuell plan etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5, gjeld klagerett etter pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2. Klagefrist er 4 veker og klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga sendast til koordinerande eining som skal gjere ny vurdering om det er grunn for endringar i avgjersla. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal den oversende klaga til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p>



	<p>Forvaltningsloven kapittel VI gjeld ved klage på vedtak om retten til individuell plan etter sosialtjenesteloven § 28 og § 33 og NAV-loven § 15. Ved klage på vedtak om retten til individuell plan etter sosialtjenesteloven § 28 og § 33 gjeld i tillegg sosialtjenesteloven § 47 og § 48. Klaga sendast til NAV.</p> <p>Ved klage på avgjersle om retten til individuell plan etter barnevernsloven § 15-9 gjeld barnevernsloven § 12-9 første ledd. Klaga sendast til barneverntenesta.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p><u>For meldingar om behov etter pasientrettighetslova, helse- og omsorgstenestelova og psykisk helsevernlova:</u></p> <p>Koordinerande eining gjennomfører samtale med søkjar og eventuelt pårørande. Koordinerande eining innhentar naudsynt informasjon frå aktuelle einingar og instansar.</p> <p><u>For meldingar om behov etter sosialtjenestelova og NAV lova:</u></p> <p>NAV gjennomfører samtale med søkjar og eventuelt pårørande. NAV innhentar naudsynt informasjon frå aktuelle einingar og instansar.</p> <p><u>For meldingar om behov etter barnevernslova:</u></p> <p>Barneverntenesta gjennomfører samtale med søkjar og eventuelt pårørande. Barneverntenesta innhentar naudsynt informasjon frå aktuelle einingar og instansar.</p>
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta? Og korleis vert dette utført:	<p><u>Koordinerande eining:</u> Ei avgjersle om individuell plan etter pasient- og brukerrettighetsloven vert ikkje rekna som eit einskildvedtak. Koordinerande eining vurderer melding om behov, og sender ei skriftleg orientering brukar om IP vert innvilga eller avslått.</p> <p><u>NAV:</u> Ei avgjersle i arbeids- og velferdsforvaltninga om rett til individuell plan er eit einskildvedtak. NAV fattar avgjersle og sender ut einskildvedtak til brukar.</p>



	<p><u>Barnevernstenesta:</u></p> <p>Ei avgjersle om individuell plan etter barnevernsloven vert ikkje rekna som eit einskildvedtak. Barnevernstenesta vurderer melding om behov, og sender ei skriftleg orientering brukar om IP vert innvilga eller avslått.</p>
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	<p>Dersom avdelinga ikkje startar arbeidet med IP innan 3 veker, skal det meldast avvik.</p> <p>Det skal leggjast til rette for at koordinator får tilstrekkeleg tid til å i vareta arbeidet med IP. Koordinator sin avdelingsleiar har ansvar for dette.</p>
Oppstart av tenesta:	<p><u>For IP etter pasientrettighetslova, helse- og omsorgstenestelova og psykisk helsevernlova:</u></p> <p>Koordinerande eining peikar ut den avdelinga som det er naturleg fylgjer opp koordinatoransvaret. Denne avdelinga peikar sjølv ut koordinator.</p> <p>Brukar sitt ynskje om kven vedkomande ynskjer som koordinator skal vektleggast.</p> <p>Koordinator gjennomfører oppstartsmøte med planeigar.</p> <p>Visma Flyt samspill vert nytta til å dokumentere den individuell planen.</p> <p>Utpeikt koordinator registrerer i fagprogram at brukar har IP og koordinator.</p> <p>Tilsette som yt teneste til søkjar og som er delaktig i planen, er med og gjennomfører planarbeidet.</p> <p><u>For IP etter sosialtenesteloven og NAV-loven:</u></p> <p>NAV peikar ut koordinator.</p> <p>Brukar sitt ynskje om kven vedkomande ynskjer som koordinator skal vektleggast.</p> <p>Koordinator gjennomfører oppstartsmøte med planeigar.</p> <p>Visma Flyt samspill vert nytta til å dokumentere den individuell planen.</p>



	<p>Utpeikt koordinator registrerer i fagprogram at brukar har IP og koordinator.</p> <p><u>For IP etter barnevernsloven:</u> Barnevernstenesta peikar ut koordinator. Brukar sitt ynskje om kven vedkomande ynskjer som koordinator skal vektleggast.</p> <p>Koordinator gjennomfører oppstartsmøte med planeigar.</p> <p>Visma Flyt samspill vert nytta til å dokumentere den individuell planen.</p> <p>Utpeikt koordinator registrerer i fagprogram at brukar har IP og koordinator.</p>	
Avslutning av tenesta:	<p>Det skal gjennomførast ei samtale mellom koordinator og planeigar i samband med at planen vert avslutta.</p> <p>Tenesta avsluttast når behov opphøyrer.</p> <p>Koordinator avsluttar tenesta i Visma Flyt Samspill og i elektronisk pasientjournal (EPJ), og plan vert arkivert i EPJ.</p> <p>Koordinator varslar koordinerande eining om at planen er opphøyrd. Dette gjelder planar etter pasientrettighetsloven, helse- og omsorgstjenesteloven og psykisk helsevernloven.</p>	
Utviklingspotensial:	<p>Opplæring av nye koordinatorar: Individuell opplæring gjennom koordinerande eining.</p> <p>Opplæring i programvare Visma Flyt samspill. E-læring og brukarretteiing.</p>	
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Koordinator

Tenestebeskriving:	Koordinator
Tenestekode i Fagprogram:	Registrerast på hovudkort
Mottak av melding om behov:	Melding om behov for koordinator rettast til koordinerande eining.
Lovheimel:	Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5. Helse- og omsorgstjenesteloven § og 7-2 Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator § 16
Føremål:	<p>Bidra til at brukar får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod, for å sikre at det til ei kvar tid er ein tenesteytar som har hovudansvaret for oppfølginga av brukaren.</p> <p>Kartlegge tenestemottakaren sine mål, ressursar og behov for ulike tenester, samt å vurdere og koordinere tiltak som kan bidra til å dekke tenestemottakaren sitt teneste- og bistandsbehov.</p> <p>Styrke samhandlinga mellom tenesteytar og tenestemottakar og eventuelt pårørande.</p> <p>Styrke samhandlinga mellom ulike tenesteytarar.</p> <p>Bidra til at tenestene vert tilbydd tverrfagleg og planmessig.</p>
Målgruppe:	Søkjar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå kommunen og/ eller spesialisthelsetenester
Kriteri/vurdering:	<p>Brukar treng langvarige og koordinerte tenester</p> <p>Brukar har oppfølging frå to eller fleire velferdstenester.</p> <p>Med velferdstenester meinast tenester, bistand eller tiltak som vert tilbydd eller ytast med heimel i lov nemnt under «lovverk».</p>
Innhald i tenesta:	Koordinator skal sørge for naudsynt oppfølging av den einskilte pasient eller brukar, samt sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med den individuelle planen.
Avgrønsingar:	Færre enn 2 helse og omsorgstenester/velferdstenester.

Grensesnitt til andre tenester:	<p>Samarbeid og samordning</p> <p>Individuell opplæringsplan (IOP) i skulen</p> <p>Individuell utviklingsplan (IUP) i barnehagen.</p> <p>Tiltaksplanar frå tenesteområda.</p> <p>Betre tverrfagleg innsats (BTI) her under stafettlogg.</p> <p>Barnekoordinator</p>
Eigenbetaling for teneste	Nei
Nivå/ vanleg omfang:	Tildeling/ ikkje tildeling
Klageadgang:	<p>Brukar kan klage på avslag om koordinator.</p> <p>Ved klage på avgjersle om retten til koordinator etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5, gjeld klagerett etter pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2. Klagefrist er 4 veker og klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga sendast til koordinerande eining som skal gjere ny vurdering om det er grunn for endringar i avgjersla. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal den oversende klaga til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Koordinerande eining gjennomfører samtale med søkjar og eventuelt pårørande.</p> <p>Koordinerande eining innhentiar naudsynt informasjon frå aktuelle einingar og instansar.</p>
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta? Og korleis vert dette utført:	Ei avgjersle om koordinator etter pasient- og brukerrettighetsloven vert ikkje rekna som eit einskildvedtak. Koordinerande eining vurderer melding om behov, og sender ei skriftleg orientering brukar om koordinator vert innvilga eller avslått.
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	Det skal leggst til rette for at koordinator får tilstrekkeleg tid til å i vareta arbeidet som koordinator. Koordinator sin avdelingsleiar har ansvar for dette.
Oppstart av tenesta:	Koordinerande eining peikar ut den avdelinga som det er naturleg fylgjer opp koordinatoransvaret. Denne avdelinga peikar sjølv ut koordinator.



	<p>Brukar sitt ynskje om kven vedkomande ynskjer som koordinator skal vektleggast.</p> <p>Koordinator gjennomfører oppstartsmøte med planeigar.</p> <p>Visma Flyt samspill vert nytta til å dokumentere individuell plan dersom det er ønskeleg med ein slik plan.</p> <p>Utpeikt koordinator registrerer i fagprogram at brukar har koordinator og om det er innvilga IP.</p> <p>Tilsette som yt teneste til søkjar utgjer ansvarsgruppa til brukar.</p>	
Avslutting av tenesta:	<p>Det skal gjennomførast ei samtale mellom koordinator og brukar i samband med at ordninga med koordinator vert avslutta.</p> <p>Ordninga avsluttast når behov opphøyrer.</p>	
Utviklingspotensial:	<p>Opplæring av nye koordinatorar.</p> <p>Individuell opplæring gjennom koordinerande eining.</p> <p>Opplæring i programvare Visma Flyt samspill.</p> <p>E-læring og brukarretteiing.</p>	
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Barnekoordinator

Tenestebeskriving:	Barnekoordinator
Tenestekode i Fagprogram:	Ingen
Mottak av søknad :	Koordinerende eining
Lovverk:	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 7-2 a.
Føremål:	Å styrkje oppfølginga av utsette barn, unge og deira familiar.
Målgruppe:	Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester.
Kriteri/vurdering:	<p>Retten til barnekoordinator gjeld allereie frå svangerskapet eller når foreldra vert tildelt eit adoptivbarn.</p> <p>Barnet eller ungdommen må vere under 18 år, men kommunen kan velje å tilby barnekoordinator også etter 18 år.</p> <p>Barnet/ungdommen har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, av somatisk, psykisk, fysisk, kognitiv eller sensorisk art.</p> <p>Det er ikkje eit vilkår at barnet har fått ein diagnose.</p> <p>Kommunen skal oppnemne ein barnekoordinator dersom foreldra eller den som samtykker på vegne av barnet, ønskjer dette.</p>
Innhald i tenesta:	<p>Barnekoordinatoren skal sørge for:</p> <p>Koordinering av det samla tenestetilbodet, ha oversikt over, og bidra aktivt til å ivareta kommunen sitt ansvar for naudsynt oppfølging og tilrettelegging for familien og barnet i form av tilbod om eller yting av helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester.</p> <p>At familien og barnet får naudsynt informasjon og heilskapleg rettleiing om helse- og omsorgstenestetilbodet.</p> <p>At familien og barnet får naudsynt informasjon og heilskapleg rettleiing om andre velferdstenester og relevante pasient- og brukarorganisasjonar.</p>



	<p>At familien og barnet vert gjeve rettleiing i kontakt med velferdstenester og relevante pasient- og brukarorganisasjonar, og at det formidlast kontakt eller tilvising vidare til slike tenester eller organisasjonar og framdrift i arbeidet med individuell plan.</p>
Avgrensingar:	Tenesta kan ivaretakast av ordinær koordinator.
Nivå/ vanleg omfang:	Tildeling eller ikkje tildeling.
Eigenbetaling for teneste	Tenesta er gratis
Klageadgang:	<p>Brukar eller pårørande til mindreårige barn kan klage på avslag om barnekoordinator. Klagefrist er 4 veker og klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga sendast til koordinerande eining som skal gjere ny vurdering om det er grunn for endringar i avgjersla. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal den oversende klaga til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p>
Grensesnitt til andre tenester/tiltak:	<p>Samarbeid og samordning</p> <p>Betre tverrfagleg innsats og stafettlogg</p> <p>Individuell plan</p> <p>Koordinator</p> <p>Pårørandestøtte, rettleiing</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Koordinerande eining gjennomfører samtale med søkjar og eventuelt pårørande.</p> <p>Koordinerande eining innhentar naudsynt informasjon frå aktuelle einingar og instansar.</p>
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta?	<p>Koordinerande eining handsamar melding om behov.</p> <p>Reglane i forvaltningsloven kapittel IV om saksførebuing ved einskildvedtak og forvaltningsloven kapittel V om vedtaket gjeld ikkje avgjersler om barnekoordinator, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 2-7 første ledd.</p> <p>Kommunen skal skriftleg gjere avgjersla om barnekoordinator saman med grunngjeving samt informasjon om retten til å klage.</p>

Kven utfører tenesta:	Barnekoordinator i samarbeid og samordning med dei andre velferdstenestene som er involvert rundt barnet/familien.	
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	Det skal leggest til rette for at barnekoordinator får tilstrekkeleg tid til å i vareta arbeidet. Barnekoordinator sin avdelingsleiar har ansvar for dette.	
Kommunikasjon kring oppstart av teneste:	Avdelinga som får ansvaret for tiltaket, peikar ut barnekoordinator, som tek kontakt med familien for oppstart av tenesta.	
Avslutting av tenesta:	<p>Det skal gjennomførast ei samtale mellom barnekoordinator og familien i samband med at ordninga vert avslutta.</p> <p>Dersom IP er oppretta, avsluttast denne i Visma Flyt Samspill. Barnekoordinator tek utskrift av IP og arkiverer i EPJ.</p> <p>Barnekoordinator varslar koordinerande eining om at planen opphøyrer.</p>	
Utviklingspotensial:		
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Revidert:

Andre koordineringsordningar

I tillegg til den lovpålagte koordinatorrolla etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2, har nokre kommunar valt å etablere eigne koordinatorar for definerte diagnose- og/eller brukargrupper. Eksemplar på dette er kreftkoordinatorar, demenskoordinatorar med meir. Desse funksjonane kan ivareta brukarar og pasientar på gruppenivå, individuelt eller begge delar.

I Austevoll kommune har ein oppretta funksjonen kreftkoordinator. Kreftkoordinator arbeider både på systemnivå og ved individuell oppfølging.

Kreftkoordinator

Tenestebeskriving:	Kreftkoordinator
Tenestekode i Fagprogram:	KRSPL
Mottak av førespurnad :	Kreftkoordinator, tildelingskontoret
Lovverk:	Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-4, 3-6 (1)
Føremål:	Støttesamtalar, rettleiing, koordinering av tenester for å sikre heilskaplege og føreseielege tenester.
Målgruppe:	Individuell oppfølging for søkjarar med ein kreftdiagnose samt deira pårørande.
Kriteri/vurdering:	Kreftkoordinator er til dei som er i behov for informasjon om kreftsjukdom og tilbod i kommunen og elles. Dette gjeld dei som har kreftsjukdom, samt brukarar som har gjennomgått behandling av kreftsjukdom, men som er i behov for oppfølging i etterkant.
Innhald i tenesta:	<p>Gje råd, tips og rettleiing i høve til sjukdom, behandling og rehabilitering.</p> <p>Støtte igjennom heile pasientforløpet.</p> <p>Rettleie og vere ein samtalepartner.</p> <p>Kontaktperson for pasient og pårørande.</p> <p>Støtte for barn og unge som pårørande.</p> <p>Samordne tilbod og tenester.</p> <p>Heimebesøk.</p> <p>Bistå med å halde kontakt med andre instansar som for eksempel lege, heimesjukepleia, sjukeheim, spesialisthelsetenesta, NAV</p> <p>Hjelpe med ulike søknader i høve til økonomi.</p> <p>Bistå med søknad om ulike opphold som er egna for kreftpasient og pårørande.</p> <p>Oppfølging etter gjennomgått behandling, når det er behov for det.</p>
Avgrensing:	Kreftkoordinator utøver ikkje heimesjukepleieoppdrag.
Nivå/ vanleg omfang:	Ein time i veka.
Eigenbetaling for teneste	Ingen

Klageadgang:	<p>Det er ikkje mogeleg å klage på om ein får teneste, då det er eit lågterskeltilbod.</p> <p>Ein kan klage på utføring av tenesta til Statsforvaltar i Vestland, då tenesta vert utført av helsepersonell.</p> <p>Det kan klagast på tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til eininga som yt tenesta, eller ved at brukar sender førespurnad til statsforvaltaren i Vestland om vurdering av saka.</p>
Grensesnitt til andre tenester:	<p>Heimesjukepleia Spesialisthelsetenesta Fastlege Primærhelseteam Psykisk helse Ergoterapi Fysioterapi Ernæringsfysiolog NAV</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Direkte samtale med søkjar, melding frå spesialisthelsetenesta eller fastlege om at søkjar ynskjer kontakt.</p>
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta?	<p>Dette er eit lågterskeltilbod som ytast til alle som fyller kriteria. Det vert ikkje fatta avgjersle på om tenesta vert innvilga eller ikkje.</p> <p>Søkjar/ eller andre som har fullmakt på søkjars vegne, tek direkte kontakt og på bakgrunn av samtale vert det avtalt vidare oppfølging.</p>
Kven utfører tenesta:	<p>Kreftkoordinator</p>
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	<p>Justering av omfang av teneste til den einkilde.</p> <p>I nokre høve kan det vere naturleg å overføre oppfølging til andre tenester.</p>
Oppstart av tenesta:	<p>Direkte samtale mellom søkjar og kreftkoordinator.</p> <p>Kreftkoordinator registrer sak og teneste i elektronisk pasientjournal, Profil.</p>



Avslutte tenesta:	Kreftkoordinator avtaler dette med tenestemottakar og/ eller pårørende. Kreftkoordinator avsluttar tenesta i elektronisk pasientjournal, Profil.	
Utviklingspotensial:	Auke opp stilling til kreftkoordinator Tettare samhandling opp mot andre tenester Pakkeforløp- kreft Ressursgruppe for pasientar med kreftsjukdom, under og etter behandling.	
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Tenestetildeling einskildvedtak:

Helsetenester i heimen

Tenestebeskriving:	Heimesjukepleie til heimebuande.
Tenestekode i Fagprogram:	HSJ (Heimesjukepleie).
Mottak av søknad :	Tildelingskontoret.
Lovverk:	Pasient og brukerrettighetsloven § 2.1a Helse- og omsorgstjenesteloven § 3.2 nr. 6 bokstav a).
Føremål:	Forebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne i eigen heim. Sikre at den einskilde får leve og bu i eigen heim lengst mogeleg Omsorg i sluttfasen av livet.
Målgruppe:	Heimebuande som grunna sjukdom, skade og/eller nedsett funksjonsevne ikkje kan i vareta eiga helse, og ikkje kan oppsøkje helsehjelp.
Kriterie/vurdering:	Det er brukar sin medisinske tilstand og situasjonen til brukar, her under kva omfang og med kva hyppigheit personen har behov for til dømes sjukepleie som er avgjerande for: -Kva hjelp pasienten har rett til -Kva kompetanse den som yt hjelpa må ha -Omfanget på tenesta -Kor lenge tenesta skal ytast Kriteria som vert vurdert: -Om brukar kan ivareta eiga helse utan bistand -Om velferdsteknologiske tiltak kan vere ei tilstrekkeleg teneste. -Om kvardagsrehabilitering vil vere dekkjande teneste. -kva IPLOS skår brukar har på funksjonsvariabelen «ivareta eiga helse».
Kva inneheld tenesta:	Administrering av medisin. Oppfølging av ernærings situasjon. Medisinsk prosedyrebehandling.



	<p>Bistand til personleg hygiene, samt på-/avkledning. Bistand med eliminasjon. Oppfølging av munnhelse. Periodevis opplæring av brukar slik at vedkomande sjølv kan ivareta eigen meistring knytt til helserelaterte situasjonar og prosedyrar. Palliativ pleie- og omsorg ved livet sin slutfase.</p>
Avgrensingar:	Tenesta inkluderer ikkje følgjeoppdrag.
Grensesnitt til andre tenester:	<p>Spesialisthelsetenesta Fastlege Fysioterapitenesta Praktisk bistand og opplæring Praktisk bistand Korttidsopphald Avlastning Langtidsopphald BPA Ergoterapitenesta Dagsenter Den offentlege tannhelsetenesta.</p>
Nivå/ vanleg omfang:	Inntil 6-8 besøk pr døgn.
Eigenbetaling for teneste	Nei
Klageadgang:	<p>Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller nokon med mynde til å representere søkjar.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p> <p>Det kan også klagast på innhald i tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til eininga som yt tenesta.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	Tildelingskontoret gjennomfører samtale med brukar og pårørande ved førstegongshandsaming av søknad.



	<p>Ved behov gjennomførast vurderingsbesøk i heimen saman med dei instansar som er naudsynte for å få ei heilskapleg vurdering (kartleggingsteam med eks. fysioterapi/ergoterapi avdelinga etc).</p> <p>Tildelingskontoret innhentar naudsynt og tilstrekkeleg informasjon frå fastlege, andre kommunale einingar og evt. spesialisthelsetenesta.</p>
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta? Og korleis vert dette gjort?	Tildelingskontoret innvilgar, eller gjev avslag i form av einskildvedtak som vert sendt til brukar.
Kven utfører tenesta:	Tenesta blir utført av kommunens tilsette i heimesjukepleia og miljøarbeidartenesta.
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert:	Tenesteytar skal ha kontroll på eiga kapasitet samt utviklinga av behov over tid, slik at dei kan varsle og planlegge/gjennomføre endringar som er naudsynt for eit forsvarleg/hensiktsmessig tenestenivå.
Oppstart av tenesta:	<p>Tildelingskontoret underretter tenesteytar om innvilga teneste ved å sende kopi av einskildvedtak, samt påminning på hugselapp i Profil.</p> <p>Tenesteytar avtaler oppstart med brukar.</p> <p>Tenesteytar registrerer dato for iverksetting i pasientjournal.</p>
Avslutning av tenesta:	<p>Tenesta vert avslutta når behovet ikkje lenger er til stades eller at omsorgsnivå vert endra.</p> <p>Viss brukar er samd i at tenesta vert avslutta, så er det tenesteytar som avsluttar tenesta. Tenesteytar varslar tildelingskontoret om opphøyr av behov, og stoppar tenesta i fagprogram.</p> <p>Viss brukar ikkje er samd i at tenesta vert avslutta, så er det tildelingskontoret som avsluttar tenesta.</p> <p>Når tenesta er midlertidig stoppa, så er det tenesteytar som set <i>midlertidig opphøyr</i> i fagprogram, samt løyser det opp når tenesta startar opp igjen.</p>



Utviklingspotensial:	Reduksjon i talet tenesteytarar i høve til den einskilde brukar. Fokus på primærsjukepleie. Auka fokus på kvardagsrehabilitering. Auka fokus på velferdsteknologi som teneste. Avslutte teneste når målet er nådd, jamfør vedtak. Apotek og multidose for dei som er i stand til å ivareta dette.	
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Praktisk bistand - heimehjelp

Tenestebeskriving:	Praktisk bistand.
Tenestekode i Fagprogram:	HJHJ (praktisk bistand).
Mottak av søknad :	Tildelingskontor.
Lovverk:	Pasient og brukerrettighetsloven § 2.1a Kommunehelsetenestelova § 3-2 nr.6 bokstav b
Føremål:	Praktisk bistand skal bidra til at tenestemottakar framleis kan bu i eigen heim.
Målgruppe:	Personar som har eit særskilt hjelpebehov grunna sjukdom, funksjonshemming, alder eller andre årsaker.
Kriteri/vurdering:	Personar som ikkje lengre er i stand til å utføre reinhald av bustad på eiga hand.
Innhald i tenesta:	Hjelp til reingjering med støvsuging, vask av golv, vask av kjøkkendiskar, vask av kjøleskap, vask av bad. Skifte sengeklede.
Avgrensingar:	Praktisk bistand vert berre utført for søkjar, og dei romma som søkjar nyttar. Reinhald for andre i husstanden, samt feriegjester, vert ikkje utført. Det vert ikkje utført nedvask eller vask av vindauge.
Grensesnitt til andre tenester:	Praktisk bistand og opplæring Brukarstyrt personleg assistanse Kvardagsrehabilitering
Nivå/ vanleg omfang:	1 time annakvar veke i leilighet, og 1,5 timer annakvar veke i einebustad.
Eigenbetaling for teneste	Betaling for praktisk bistand etter forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester.
Klageadgang:	Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.



	<p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket.</p> <p>Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p> <p>Det kan også klagast på innhald i tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til eininga som yt tenesta.</p> <p>Det kan klagast på eigenbetaling, klagefrist er 3 veker. Klage sendast til økonomikontoret.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Tildelingskontoret gjennomfører samtale med brukar i heimebesøk. Vurdere bustad så som bruksflate og funksjonalitet for den aktuelle søkjar. Vurdere om det er naturleg at andre medlemmar i husstanden utfører all eller delar av praktisk bistand.</p> <p>Ved behov gjennomførast vurderingsbesøk saman med dei instansar som er naudsynte for å få ei heilskapleg vurdering (kartleggingsteam med eks. fysioterapi/ergoterapi avdelinga etc).</p> <p>Tildelingskontoret innhentar informasjon frå aktuelle instansar.</p>
Kven innvilgar tenesta/gjev avslag på tenesta?	Tildelingskontoret fattar einskildvedtak.
Kven utfører tenesta:	Heimetenesta Miljøarbeidartenesta
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	Tenesteytar skal ha kontroll på eiga kapasitet, samt utviklinga av behov over tid, slik at de kan varsle og planlegge/ gjennomføre endringar som er naudsynt for eit forsvarleg/hensiktsmessig tenestnivå.
Oppstart av teneste:	<p>Tildelingskontoret underretter tenesteytar om innvilga teneste ved å sende kopi av einskildvedtak, samt påminning på hugselapp i Profil. Tenesteytar avtaler oppstart med brukar.</p> <p>Tenesteytar registrerer dato for iverksetting i pasientjournal.</p>
Tenesta avsluttast:	Tenesta vert avslutta når behovet ikkje lenger er til stades eller at omsorgsnivå vert endra.



	<p>Viss brukar er samd i at tenesta vert avslutta, så er det tenesteytar som avsluttar tenesta.</p> <p>Viss brukar ikkje er samd i at tenesta vert avslutta, så er det tildelingskontoret som sender ut melding om dette.</p> <p>Tenesteytar varslar tildelingskontoret om opphøyr av behov, og stoppar tenesta i fagprogram.</p> <p>Tenesteytar varslar økonomikontoret om stopp i fakturering av teneste.</p> <p>Når tenesta er midlertidig stoppa, så er det tenesteytar som set <i>midlertidig opphøyr</i> i fagprogram, samt løyser det opp når tenesta startar opp igjen.</p>	
Utviklingspotensial:	Auka fokus på velferdsteknologi som teneste, og bruk av hjelpemidlar som robot støvsugar og anna.	
Anna:	<p>Det er krav om rydding og nedvask av bustaden på eigars rekning viss det er behov for det, før tenesteytar kan gå inn og utføre oppdraget.</p> <p>Tenesteytar kan bestille reinhaldsbyrå på brukars rekning etter avtale med brukar og/eller pårørande.</p> <p>Tenesta tek kontakt med søkjar før oppstart og sikrar at naudsynt utstyr og andre tilhøve er på plass før oppstart.</p> <p>Brukar må vere tilstede i heimen for at tenesta skal utførast.</p>	
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Praktisk bistand og opplæring

Tenestebeskriving:	Praktisk bistand og opplæring.
Tenestekode i Fagprogram:	PBO (praktisk bistand og opplæring).
Mottak av søknad :	Tildelingskontor, Austevoll kommune
Lovverk:	Pasient og brukerrettighetsloven § 2.1a Kommunehelsetjenesteloven § 3-2 nr.6 bokstav b
Føremål:	Gjere den einskilde mest mogeleg sjølvstendig i dagleglivet, og/ eller vedlikehalde ferdigheiter, og bidra til at tenestemottakar kan bu i eigen heim.
Målgruppe:	<p>Personar med nedsett funksjonsevne som bur heime eller i omsorgsbustad, og som treng bistand for kortare eller lengre periode for å klare dagleglivets gjeremål.</p> <p>Personar som kan meistre mykje sjølv, men har behov for tenester i form av opplæring og/eller rettleiing i dagleglivet sine gjeremål.</p> <p>Til personar med behov for å forebygge åtfærd som får negative konsekvensar for dei sjølv.</p>
Kriteri/vurdering:	<p>For bistand og opplæring til praktiske gjeremål må brukar må ha potensiale for å kunne utføre deler eller heile oppgåva sjølv med bistand.</p> <p>For bistand og opplæring til praktiske gjeremål må brukar vere motivert for å delta.</p> <p>Brukar er avhengig av opplæring for å få auka meistring av dagleglivet sine gjeremål.</p> <p>Brukar treng støtte og oppfølging frå kvalifisert personale for å leve og bu i eigen bustad og vedlikehalde ferdigheiter eller lære seg nye ferdigheiter.</p> <p>Brukar treng støtte og oppfølging frå kvalifisert personale for å unngå negativ utvikling som sjølvskading, isolering eller åtfærd som er til irritasjon, til sjenanse eller som opplevast som krenkande.</p>

	Ved fri frå arbeid, dagtilbod eller manglande tilbod på dagtid kan tenesta også innvilgast til personar som har behov for oppfølging for å unngå negativ utvikling. Dette i form av sjølvskading, isolering eller åtferd som er til irritasjon, til sjenanse eller som opplevast som krenkande.
Innhald i tenesta:	Hjelp og opplæring i ADL ferdigheiter som personleg hygiene, toalettbesøk, av- og påkledning, planlegging og tilberede måltid, samt innkjøp, følgje til lege, tannlege osv. Støtte og hjelp til kommunikasjon Naudsynt tilsyn Opplæring i å ivareta eiga helse Trening og opplæring knytt til deltaking i aktivitetar og sosiale ferdigheiter Tryggleikskapande tiltak i overgangsfasar
Avgrensingar:	Etter faglege vurderingar.
Nivå/ vanleg omfang:	Tildeling ut frå individuelle behov
Grensesnitt til andre tenester:	Dagsenter Praktisk bistand Heimesjukepleie Kvardagsrehabilitering Velferdsteknologi
Eigenbetaling for teneste	Eigenbetaling for praktisk bistand etter forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester til innkjøp, matlaging, reinhald, husarbeid og praktisk hjelp. Inga eigenbetaling for oppfølging av ernæring og for personleg hjelp, samt bistand til sosial aktivitet (støttekontakt).
Klageadgang:	Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande. Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.



	<p>Det kan også klagast på innhald i tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til eininga som yt tenesta.</p> <p>Det kan klagast på eigenbetaling, klagefrist er 3 veker. Klage sendast til Økonomikontoret.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Tildelingskontoret gjennomfører samtale med brukar og eventuelt pårørande i heimebesøk.</p> <p>Ved behov gjennomførast vurderingsbesøk saman med dei instansar som er naudsynte for å få ei heilskapleg vurdering (kartleggingsteam med eks. fysioterapi/ergoterapi avdelinga etc).</p> <p>Tildelingskontoret innhentar informasjon frå aktuelle instansar.</p>
Kven innvilgar tenesta/gjev avslag på tenesta?	Tildelingskontoret fattar einskildvedtak.
Kven utfører tenesta:	Miljøarbeidartenesta Heimetenesta
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	Tenesteytar skal ha kontroll på eiga kapasitet, samt utviklinga av behov over tid, slik at de kan varsle og planlegge/ gjennomføre endringar som er naudsynt for eit forsvarleg/hensiktsmessig tenestenivå.
Oppstart av tenesta:	<p>Tildelingskontoret underretter tenesteytar om innvilga teneste ved å sende kopi av einskildvedtak, samt påminning på hugselapp i Profil.</p> <p>Tenesteytar avtaler oppstart med brukar.</p> <p>Tenesteytar registrerer dato for iverksetting i pasientjournal.</p>
Avslutning av tenesta:	<p>Tenesta vert avslutta når behovet ikkje lenger er til stades eller at omsorgsnivå vert endra.</p> <p>Viss brukar er samd i at tenesta vert avslutta, så er det tenesteytar som avsluttar tenesta.</p> <p>Viss brukar ikkje er samd i at tenesta vert avslutta, så er det tildelingskontoret som sender ut melding om dette.</p>



	<p>Tenesteytar varslar tildelingskontoret om opphøyr av behov, og stoppar tenesta i fagprogram.</p> <p>Tenesteytar varslar økonomikontoret om stopp i fakturering av teneste.</p> <p>Når tenesta er midlertidig stoppa, så er det tenesteytar som set <i>midlertidig opphøyr</i> i fagprogram, samt løyser det opp når tenesta startar opp igjen.</p>	
Utviklingspotensial:	Velferdsteknologi som teneste Praktisk bistand og opplæring ytt av Psykisk helse	
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Støttekontakt

Tenestebeskriving:	Støttekontakt.
Tenestekode i Fagprogram:	STK
Mottak av søknad :	Tildelingskontoret
Lovverk:	Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 nr. 6 bokstav b
Føremål:	Assistanse for å få ei aktiv fritid og forhindre sosial isolasjon.
Målgruppe:	Personar som på grunn av sjukdom og/eller funksjonsnedsetting ikkje meistrar å ivareta fritid og sosiale aktivitetar utan bistand.
Kriteri/vurdering:	<p>Dokumentert behov på grunn av sjukdom og/eller funksjonsnedsetting.</p> <p>Det vurderast at støttekontakt er det tiltaket som høver best for søkjar for å ivareta behovet for bistand til fritidsaktivitetar.</p> <p>Det vurderast at søkjar kan nyttiggjere seg hjelp frå ein ufaglært støttekontakt.</p> <p>Søkjar manglar eller har lite nettverk, familie, vener.</p> <p>Søkjar har vanskar med å delta på sosiale aktivitetar på eiga hand.</p> <p>Alder: Søkjar bør vere over 8 år.</p> <p>Søkjar må vere rusfri i samvær med støttekontakt.</p>
Innhald i tenesta:	<p>Oppfølging til aktivitet utanfor eigen heim, i hovudsak i Austevoll kommune.</p> <p>Tenesta kan gjevast som individuell teneste, i grupper eller i samarbeid med frivilligheita.</p>
Avgrensingar:	Støttekontakten skal ikkje ivareta terapeutisk behandling, praktisk bistand, vere ei transportordning eller andre tenester som ikkje er aktiv fritid.

	Dersom søker flyttar til, eller bur på sjukeheim eller omsorgsbustad med heildøgnssteneste så fyller ein ikkje vilkår for tildeling av støttekontakt.
Grensesnitt til andre tenester:	Dagsenter Praktisk bistand Praktisk bistand og opplæring Psykisk helse Avlastning Frivilligsentralen – gruppeaktivitet
Nivå/ vanleg omfang:	3- 4 timar i veka.
Eigenbetaling for teneste	Tenesta er gratis for tenestemottakar. Utgifter tenestemottakar har i høve billetter, reise, og til dømes mat på kafé må tenestemottakar dekke sjølv.
Klageadgang:	Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søker eller representant for vedkomande. Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle. Det kan også klagast på innhald og kvalitet i tenesta. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til eininga som yt tenesta.
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	Tildelingskontoret utfører samtale med søker og evt pårørende. Tildelingskontoret innhentar informasjon frå andre aktuelle aktørar.
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta?	Tildelingskontoret fattar einskildvedtak.
Kven utfører tenesta:	Miljøarbeidartenesta er ansvarleg for oppfølging av at tenesta er iverksett og fungerer. Støttekontakten utfører tenesta etter oppdragsavtale.
Korleis vert kapasitet utfordringar	Venteliste. Viss innvilga teneste ikkje er i iverksett innan rimeleg tid, så må Miljøarbeidertenesta vurdere å sette inn kompensierende tiltak/ melde avvik.



handtert (ressursar og kompetanse):		
Oppstart av teneste:	<p>Tildelingskontoret underretter miljøarbeidertenesta om innvilga teneste ved å sende kopi av einskildvedtak, samt påminning på hugselapp i profil.</p> <p>Miljøarbeidertenesta gjennomfører samtale med brukar for å kartlegge kva tilbod som er det rette for brukar mm, og rekrutterer støttekontakt/opprettar tilbod.</p> <p>Miljøarbeidertenesta registrerer dato for iverksetting i pasientjournal.</p>	
Når tenesta avsluttast:	<p>Før vedtaket går ut, vil miljøarbeidertenesta kartlegge og vurdere saman med brukar om tenesta skal avsluttast.</p> <p>Miljøarbeidertenesta i varetek oppseiing av oppdragstakar.</p> <p>Viss tenestemottakar er samd i avgjersla om stopp i tenesta, så er det miljøarbeidertenesta som avsluttar tenesta.</p> <p>Viss tenestemottakar ikkje er samd i avgjersla om stopp i tenesta, så er det tildelingskontoret som avsluttar tenesta, jf. reglane i forvaltningslova.</p>	
Utviklingspotensial:	<p>Gruppetilbod.</p> <p>Meir samhandling opp mot frivilligarbeid.</p>	
Anna:	<p>Det er behov for å sette tak for kilometer godtgjersle til fritidskontakt.</p> <p>Tydeleggjere at alle aktivitetar skal vere i Austevoll kommune med mindre noko anna er avtalt.</p>	
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:



Brukarstyrt personleg assistanse, BPA

Tenestebeskriving:	BPA- Brukarstyrt personleg assistanse
Tenestekode i Fagprogram:	BPA
Mottak av søknad :	Tildelingskontoret
Lovheimel:	Lov om pasient- og brukerrettigheter §2-1 d. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §§ 3.8 og 3.2, 1 ledd nr 6 bokstav b. Rundskriv I-9/2015, I-15/2005 og I-20/2000
Føremål:	Brukar med stort behov for praktisk bistand skal få ein større mogelegheit til å ta ansvar for eige liv og eiga velferd. Brukar skal sjølv administrere dei tildelte timane med personleg assistanse slik det høver brukar best, og på denne måten bidra til likeverd, likestilling og samfunnsdeltaking.
Målgruppe:	Søklar under 67 år med nedsett funksjonsevne og med eit omfattande og samansett tenestebehov.
Kriteri/vurdering:	Langvarig behov for personbistand på minst 32 timar for veka til dagleglivets gjeremål m.m. Behovet må ha ein varigheit ut over 2 år. Mellom 25-32 timar kan søklar har rett på teneste organisert som BP. Brukar må kunne ivareta arbeidsleiarrolla sjølv, eventuelt med bistand av ein egna person, for å ha ein rett til BPA. Det er eit krav at arbeidsleiarrolla vert forsvarleg ivareteken.
Innhald i tenesta:	Personleg assistanse der tenestemottakar sjølv, eventuelt med bistand, er arbeidsleiar. Tildeling av timetal ved BPA følger same utmåling som timetal dersom tenesta ikkje er organisert som BPA (praktisk bistand, praktisk bistand og opplæring, støttekontakt, avlastning til born og unge under 18 år). Hjelp til alminneleg eigenomsorg og personleg stell, inkludert ernæring.



	<p>Hjelp til reingjering og naudsynt hjelp til dagleglivet sine oppgåver i heimen og knytta til hushaldet, som innkjøp, matlaging og reinhald. Opplæring i dagleglivet sine oppgåver.</p> <p>Bistand utanfor heimen for å ha eit aktivt liv i samvær med andre.</p> <p>Avlastningstiltak for personar med foreldreansvar for heimebuande born under 18 år med nedsett funksjonsevne.</p>
Avgrensingar:	<p>Helsetenester</p> <p>Natt teneste</p> <p>Tenester som krev at det er meir enn 1 tenesteytar tilstede.</p> <p>Hjelp til bistand i skule og arbeid.</p> <p>Vedlikehald av heimen, så som oppussing, maling og hagearbeid m.m.</p>
Grensesnitt til andre tenester:	<p>Praktisk bistand</p> <p>Praktisk bistand og opplæring</p> <p>Avlastnings tiltak til barn under 18 år.</p> <p>Helsetenester i heimen/heimesjukepleie</p> <p>Sjukeheimsplass</p> <p>Støttekontakt ordning</p>
Nivå/ vanleg omfang:	<p>Tildeling av BPA skal vurderast på same måte og innanfor dei same rettslege rammene som dei andre tenestene i helse- og omsorgstenestelova, sjå tenesteomtalane for praktisk- og personleg bistand, støttekontakt og avlastningstiltak.</p>
Eigenbetaling for teneste	<p>Eigenbetaling for praktisk bistand til innkjøp, matlaging, reinhald, husarbeid og praktisk hjelp. Inga eigenbetaling for oppfølging av ernæring og for personleg hjelp, samt bistand til sosial aktivitet (støttekontakt).</p>
Klageadgang:	<p>Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p>



	<p>Det kan også klagast på innhald og kvalitet i tenesta. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til BPA leverandør som yt tenesta.</p> <p>Det kan klagast på eigenbetaling, klagefrist er 3 veker. Klage sendast til økonomikontoret.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Samtale med søkjar og eventuelt pårørnde.</p> <p>Tidelingskontoret innhentar aktuell informasjon frå andre instansar.</p>
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta?	<p>Tidelingskontoret fattar einskildvedtak.</p>
Kven utfører tenesta:	<p>Private leverandørar med driftsavtale og individuell avtale.</p>
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	<p>Kapasitetsutfordringar vert handtert av leverandør av BPA i samarbeid med brukar.</p>
Oppstart av teneste:	<p>Tidelingskontoret informerer tenestemottakar om kva leverandørar den kan velgje mellom til å utføre BPA tenesta.</p> <p>Brukar orienterer kommunen om valt leverandør.</p> <p>Kommunen, arbeidsleiar og leverandør inngår avtale, blankett 8435 B.</p> <p>Tidelingskontoret sender vedtak til brukar og BPA leverandør.</p> <p>Leverandøren og tenestemottakar/arbeidsleiar avklarar kvar tid og korleis tenesta skal starte etter gjeldande einskildvedtak.</p>
Korleis avsluttar ein tenesta.	<p>Når ein er samd: tenesta vert avslutta.</p> <p>Når ein ikkje er samd: Tidelingskontoret avsluttar etter revurdering, og brukar får skriftleg varsel før tenesta vert stoppa.</p> <p>Det er 3 månader oppseiing på avtale med BPA leverandør.</p>
Utviklingspotensial:	<p>Vurdere om velferdsteknologiske løysingar kan erstatte personbistand innafor enkelte områder.</p>
Anna:	<p>Avklaringar:</p> <p>Kommunen er oppdragsgjevar for dei private leverandørane.</p>



	<p>Dei private leverandørane er ansvarleg for å gje arbeidsleiar opplæring i arbeidsleiarrolla. Leverandør er også arbeidsgjevar til assistentane i ordninga.</p> <p>Med forsvarleg i varetaking av arbeidsrolla meinast mellom anna å kunne gjere greie for hjelpebehov, kunne lære opp og rettleie assistentar, sette opp og følgje arbeidsplanar og turnus, kunne dei grunnleggjande reglane om arbeidsmiljø og dei tilsette sine rettar. Leverandør skal ikkje vere arbeidsleiar.</p> <p>Arbeidsleiar har ansvar for rekruttering. Ved rekrutteringsvanskar vert det ikkje sett inn kompensierende tenester frå kommunale tenesteytarar. Alternativet vert då å avslutte BPA vedtak og gå over til andre helse- og omsorgstenester.</p>	
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Korttidsopphald i institusjon

Tenestebeskriving:	Korttidsopphald
Tenestekode i Fagprogram:	KTO
Mottak av søknad :	Tildelingskontoret
Lovheimel:	<p>Lov om pasient og bruker rettigheter § 2-1e</p> <p>Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 nr. 6 bokstav c.</p>
Føremål:	<p>Tidsavgrensa opphald i institusjon for:</p> <p>Behandling og utgreiing.</p> <p>Tilbod om lindrande behandling ved livets slutt.</p> <p>Helsehjelp.</p> <p>Kartlegging av hjelpebehov.</p> <p>Avklåring av funksjonsnivå og allmenntilstand.</p> <p>Førebygging.</p> <p>Eigenmeistring og omsorg.</p>
Målgruppe:	<p>Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus.</p> <p>Heimebuande personar med forverra helsetilstand der ein vurderer at ein ikkje kan utføre naudsynt helsehjelp, opptrening og omsorg i heimen på ein forsvarleg eller verdig måte over ein kortare periode.</p>
Kriteri/vurdering:	<p>Behov for medisinsk behandling, omsorg ved sjukdom, utgreiing og observasjon, samt etterbehandling/oppfølging etter sjukehusopphald.</p> <p>Behov for lindrande behandling ved livets slutt og der tenester ikkje kan, eller familien ikkje ønskjer at dette vert gjeve i heimen.</p> <p>Andre omfattande behov for helse – og omsorgstenester og der heildøgns tidsavgrensa opphald i institusjon vil vere best eigna.</p> <p>Kjent demensdiagnose der det er behov for observasjon og vurdering av bistandsbehov.</p> <p>Helsemessige årsaker, butilhøve, utrygg, risiko for fall og liknande ikkje kan gjevast naudsynt oppfølging og trening i eigen heim.</p> <p>Rehabilitering utanfor institusjon ikkje er nok, eller som eit tilbod i ein lengre rehabiliteringsprosess.</p>

	Naudsynt med døgnkontinuerleg observasjon, oppfølging og behandling av ein kortare eller forbigåande karakter.
Innhald i tenesta:	<p>Medisinsk behandling</p> <p>Omsorg ved sjukdom</p> <p>Kartlegging, Utgreiing og observasjon</p> <p>Lindrande behandling</p> <p>Vurdering av bistanndsbehov</p> <p>Trening</p>
Avgrensingar:	Hjelpebehov kan i varetakast i eigen heim ved hjelp av heimesjukepleie, fysioterapi m.m.
Grensesnitt til andre tenester:	<p>Heimesjukepleie.</p> <p>Praktisk bistand og opplæring.</p> <p>Praktisk bistand.</p> <p>Fastlege.</p> <p>Spesialisthelsetenesta.</p> <p>Langtidsplass.</p> <p>Omsorgsbustad med heildøgns teneste.</p>
Nivå/ vanleg omfang:	Inntil 2 veker.
Eigenbetaling for teneste	Eigenbetaling etter forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester.
Klageadgang:	<p>Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p> <p>Det kan også klagast på tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til avdelingsleiar i eininga som yt tenesta, eller ved at brukar sender førespurnad til statsforvaltaren i Vestland om vurdering av saka, jamfør pasient- og brukerrettighetsloven § 7-4</p>

	Det kan klagast på eigenbetaling, klagefrist er 3 veker. Klage sendast til økonomikontoret.
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	Samtale med søkjar og evt pårørande. Innhente informasjon frå andre aktuelle aktørar.
Kven innvilgar tenesta:	Tildelingskontoret fattar einskildvedtak.
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	<p>I påvente av ledig plass vurderast:</p> <p>Ekstra tilsyn i eigen heim Trening/rehabilitering i eigen heim Venteliste Pasient på ØHD vert verande eit par ekstra dagar utover 3 dagarsregelen til pasient kan reise heim, eller det er avklart om han treng korttidsopphald. Den som vert innvilga korttidsopphald kan leggest inn på ledig langtids plass. Austevoll pleie- og omsorgssenter tar inn på over belegg/ tek i bruk stengte plasser. Søkjar som er innlagt i spesialisthelsetenesta vert verande der til det er ledig korttids plass.</p>
Kven utfører tenesta:	Austevoll pleie- og omsorgssenter.
Oppstart av tenesta:	<p>Oppstart av innvilga teneste vert formidla munnleg frå sakshandsamar til søkjar.</p> <p>Tildelingskontoret innvilgar tenesta i fagprogrammet til pleie- og omsorg.</p> <p>Tildelingskontor i verksetter tenesta i Profil og «skriv inn» søkjar i plassadministrasjon.</p> <p>Austevoll pleie- og omsorgssenter kontaktar brukar og avtaler oppstart av tenesta.</p> <p>Når søkjar er på sjukehus, så informerer sjukehuspersonalet om innvilga korttidsopphald. Sjukehuset får informasjon frå tildelingskontoret om tildeling av korttidsopphald via PLO- melding.</p> <p>Etter avgjersle i inntaksmøte om forlenging av vedtak på korttidsopphald, så er det leiar ved avdelinga som munnleg orienterer søkjar om det.</p>



Tenesta avsluttast:	<p>Tenesta avsluttast når vedtaksperioden går ut. Austevoll pleie- og omsorgssenter avtalar med brukar/ pårørende så tidleg som mogeleg alle tilhøve kring opphøyr av korttidsopphald, og eventuelt overgang til andre tenester i heimen.</p> <p>Ved semje med brukar så vil korttidsavdelinga avslutte tenesta sjølve. Viss det ikkje er semje med brukar, så vert tenesta avslutta av tildelingskontoret.</p>	
Utviklingspotensial:	<p>Velferdsteknologi (varsling, overvåking, «test rom»).</p> <p>Kartlegging av kognitiv svekka/ brukarar med demens på døgnbasis.</p>	
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Rehabiliteringsopphald i institusjon

Tenestebeskriving:	Tidsavgrensa opphald i institusjon – rehabilitering
Tenestekode i Fagprogram:	REHAB
Mottak av søknad :	Tildelingskontoret
Lovheimel:	Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 og 3-2 første ledd nr.6 bokstav c
Føremål:	Tidsavgrensa teneste som vert ytt for å kunne gje assistanse/ bistand til den einkilde sin innsats for å oppnå best mogeleg funksjon- og meistrings evne, likeverd og deltaking sosialt og i samfunnet
Målgruppe:	Personar som har behov for rehabilitering grunna medfødd eller erverva funksjonshemming eller kronisk sjukdom. Personar som står i fare for å utvikle varig funksjonshemming eller kronisk sjukdom Personar som har vanskar med å oppretthalde og meistre kvardagsaktivitetar i eigen heim og i andre omgjevningar som er viktige for dei.
Kriteri/vurdering:	<p>Rehabilitering utanfor institusjon er ikkje tilstrekkeleg Tilbod i ein lengre habiliteringsprosess. Behov for tverrfaglege, koordinerte tenester for å betre eller vedlikehalde funksjonsnivå og oppleving av sjølvstendigheit og meistring. Personar som av helsemessige årsaker, butilhøve, utryggheit, risiko for fall og liknande ikkje kan gjevast naudsynt oppfølging og trening i eigen heim.</p> <p>Følgande vurderast:</p> <p>Om personen sjølv er motivert for rehabilitering Om tilrettelegging i heimen, eller rehabilitering på andre arenaer vurderast som utan nytte, vanskeleg eller uønska. Om det er dokumentert potensialefor rehabilitering av samarbeidspartnarar i og utanfor kommunen, som spesialisthelsetenesta, fastlege og andre faggrupper i kommunen. Om det er et rehabiliteringsbehov som fortrinnsvis ikkje krev opphald i rehabiliteringssenter på 2. eller 3. linje nivå.</p> <p>Samtykkekompetanse skal vurderast.</p>

Innhald i tenesta:	Heildøgns helse- og omsorgs tenester Tilrettelagte rehabiliterings tenester
Avgrensingar:	Personar som ikkje fyller vilkår for tildeling, sjå kriteri/vurdering.
Grensesnitt til andre tenester:	Rehabiliteringsopphald i spesialisthelsetenesta Kvardagsrehabilitering Fysioterapi Praktisk bistand og opplæring
Nivå/ vanleg omfang:	2-6 veker, avhengig av behov.
Eigenbetaling for teneste:	Eigenbetaling etter forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester.
Klageadgang:	<p>Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p> <p>Det kan også klagast på tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til avdelingsleiar i eininga som yt tenesta, eller ved at brukar sender førespurnad til statsforvaltaren i Vestland om vurdering av saka, jamfør pasient- og brukerrettighetsloven § 7-4</p> <p>Det kan klagast på eigenbetaling, klagefrist er 3 veker. Klage sendast til økonomikontoret.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	Samtale med søkjar og eventuelt pårørande. Innhente informasjon frå andre aktuelle aktørar.
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta?	Tildelingskontoret fattar einskildvedtak.
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	I påvente av ledig plass vurderast: Auka bistand, trening/rehabilitering i eigen heim. Venteliste



	<p>Forlengje opphald på ØHD utover 3 dagarsregelen til pasient kan reise heim, eller det er avklart om han treng rehabiliteringsopphald.</p> <p>Den som vert innvilga rehabiliteringsopphald kan leggest inn på ledig langtids plass.</p> <p>Austevoll pleie- og omsorgssenter tek i bruk stengte plassar.</p> <p>Søkjar som er innlagt i spesialisthelsetenesta vert verande der til det er ledig rehabiliteringsplass.</p>	
Kven utfører tenesta:	Austevoll pleie- og omsorgssenter	
Oppstart av tenesta:	<p>Oppstart av innvilga teneste vert formidla munnleg frå sakshandsamar til søkjar.</p> <p>Tildelingskontoret innvilgar tenesta i fagprogrammet til pleie- og omsorg.</p> <p>Tildelingskontor i verksetter tenesta i Profil og «skriv inn» søkjar i plassadministrasjon.</p> <p>Austevoll pleie- og omsorgssenter kontaktar brukar og avtaler oppstart av tenesta.</p> <p>Når søkjar er på sjukehus, så informerer sjukehuspersonalet om innvilga korttidsopphald. Sjukehuset får informasjon frå tildelingskontoret om tildeling av korttidsopphald via PLO- melding.</p> <p>Etter avgjersle i inntaksmøte om forlenging av vedtak på korttidsopphald, så er det leiar ved avdelinga som munnleg orienterer søkjar om det.</p>	
Tenesta avsluttast:	<p>Tenesta blir avslutta når vedtaksperioden går ut.</p> <p>Austevoll pleie- og omsorgssenter avtalar med brukar/ pårørande så tidleg som mogeleg alle tilhøve kring opphøyr av korttidsopphald, og eventuelt overgang til andre tenester i heimen.</p> <p>Ved semje med brukar så vil korttidsavdelinga avslutte tenesta sjølv.</p> <p>Viss det ikkje er semje med brukar, så vert tenesta avslutta av tildelingskontoret.</p>	
Utviklingspotensial:		
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Langtidsopphald i institusjon

Tenestebeskriving:	Langtidsopphald i institusjon (Skjerma og/ eller somatisk avdeling).
Tenestekode i Fagprogram:	LTP
Mottak av søknad :	Tildelingskontoret
Lovverk:	<p>Lov om pasient og bruker rettigheter §§ 2-1 a. og 2-1e</p> <p>Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-2 nr. 6 bokstav c og 3-2 a</p> <p>Forskrift om rett til langtidsopphold i sjukeheim- kriteri og ventelister, Austevoll kommune</p> <p>Forskrift for sykehjem m.v.</p>
Føremål:	Føremål med langtidsopphald i institusjon er å kunne gje varig, forsvarleg omsorg og helsehjelp til alvorleg sjuke og døyande, der verdig og forsvarleg hjelp ikkje kan gjevast i eigen heim.
Målgruppe:	<p>Søklarar over 50 år som har eit omfattande heildøgns hjelpebehov som ikkje kan i varetakast med helsehjelp i eigen heim.</p> <p>Hjelpebehovet må vere varig, og av ein slik art at søker ikkje er i stand til å meistre dagleglivets gjeremål grunna fysisk og/eller mentalt funksjonstap.</p>
Kriteri/vurdering:	<p>Søkjars pleie- og omsorgsbehov.</p> <p>Vurdering på om søker kan få eit forsvarleg helsetilbod i ein omsorgsbustad.</p> <p>Vurdering på om søker kan vere i eigen heim dersom det vert tilrettelagt med hjelpemidlar, tryggleiksalarm, velferdsteknologi, dagaktivitetstilbod.</p>
Innhald i tenesta:	Pleie og omsorg etter bebuar sine heilskaplege behov og etter gjeldande regelverk.
Avgrensingar	Personar som med auka bistand kan bu i eigen heim, eller i omsorgsbustad med heildøgnsteneste.

Grensesnitt til andre tenester:	<p>Heimesjukepleie Omsorgsbustad med heildøgnssteneste. Korttidsopphald Avlastning Velferdsteknologi</p>
Nivå/ vanleg omfang:	Langtidsopphald er eit varig heildøgns pleie- og omsorgstilbod.
Eigenbetaling for teneste	Betalingsvedtak vert fatta av leiar ved pleie- og omsorgssenter. Kommunehelsetjenesteloven §11-2 vederlag for helse- og omsorgstjenester
Klageadgang:	<p>Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p> <p>Det kan også klagast på tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til avdelingsleiar i eininga som yt tenesta, eller ved at brukar sender førespurnad til statsforvaltaren i Vestland om vurdering av saka, jamfør pasient- og brukerrettighetsloven § 7-4</p> <p>Det kan klagast på eigenbetaling, klagefrist er 3 veker. Klage sendast til økonomikontoret.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Samtale med søkjar og evt pårørande.</p> <p>Innhente informasjon frå andre aktuelle aktørar (oppdatert pasient- og brukar informasjon frå kommunens helse- og omsorgsteneste som ytar hjelp til brukar.</p> <p>Helseopplysningar frå fastlege og/ eller spesialisthelseteneste).</p>
Kven innvilgar tenesta/gjev avslag på tenesta?	Tildelingskontoret fattar einskildvedtak.

<p>Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):</p>	<p>Austevoll kommune har rutine som syter for at personar på venteliste til har naudsynte, og forsvarlege helse- og omsorgstenester medan dei venter på tildeling av langtidsplass eller tilsvarende bustad tilrettelagt for heildøgntenester. Jamfør forskrift om rett til opphald i institusjon- kriteri og ventelister, Austevoll kommune.</p> <p>Tiltak i påvente av langtidsplass, i prioritert rekkefølge: Den som vert innvilga langtidsopphald vert lagt inn på ledig korttidsopphald. Austevoll pleie- og omsorgssenter tar inn på over belegg/ tek i bruk stengte plasser. Søkjær vert verande i heimen med naudsynt ekstrabemannig for å syte for forsvarleg helsehjelp.</p>	
<p>Kven utfører tenesta:</p>	<p>Austevoll pleie- og omsorgssenter.</p>	
<p>Oppstart av tenesta:</p>	<p>Oppstart av innvilga teneste vert formidla munnleg frå sakshandsamar til søkjær/ søkjær sine pårørande. Tidelingskontoret innvilgar tenesta i fagprogrammet til pleie- og omsorg. Tidelingskontor i verksetter tenesta i Profil og «skriv inn» søkjær i plassadministrasjon. Austevoll pleie- og omsorgssenter kontaktar brukar og avtaler oppstart av tenesta.</p>	
<p>Tenesta avsluttast:</p>	<p>Austevoll pleie- og omsorgssenter avsluttar tenesta i fagprogram. Austevoll pleie- og omsorgssenter melder til økonomikontoret om opphøyr av langtidsplass.</p>	
<p>Utviklingspotensial:</p>	<p>Varslingsteknologi, digitale tilsyn Kan erstattast med omsorgsbustad med heildøgnteneste.</p>	
<p>Anna:</p>		
<p>Dato: 05.10.23</p>	<p>Stad: STOREBØ</p>	<p>Reviderast:</p>

Omsorgsbustad med heildøgns teneste

Tenestebeskriving:	Omsorgsbustad med tilknytning til heildøgns teneste og punktvis tilsyn/velferdsteknologi (ta vekk det med raud skrift??)
Tenestekode i Fagprogram:	OBTH (Omsorgsbustad med tilknytning heildøgntenester)
Mottak av søknad:	Tildelingskontoret
Lovheimel:	Pasient og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 og 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c, 3-2 a.
Føremål:	Samlokalisert omsorgsbustad med universell utforming og velferdsteknologiske løysingar med stadleg bemanning for å kunne ivareta bebuarar med heildøgns helse- og omsorgsbehov. Å ivareta personens grunnleggande behov, med respekt for det einkilde menneske sitt eigenverd og livsførsel. Å gje eit samordna helse-, helse- og omsorgstilbod kor den einkilde opplever tryggleik, og som i varetek medverknad, livskvalitet og rettstryggleik. Å bidra til ei aktiv og meningsfylt kvardag for bebuarar.
Målgruppe:	Personar som er varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv og som ikkje lengre meistrar dagleglivets gjeremål grunna mentalt eller fysisk funksjonstap. Personar som ikkje, på et forsvarleg nivå, får dekka sitt daglege behov for helsetenester, pleie og omsorg i eigen heim.
Kriteria /vurdering:	Søkjjar må ha behov for ein fysisk tilrettelagt bustad på grunn av fysisk redusert funksjonsnivå og ha behov for hjelpemidlar ut over det som er mogleg i eigen heim. At søkjjar, ved å bu i ein omsorgsbustad tilknytt heildøgns bemanning kan få utsett eller forhindra behov for institusjonsplass. Søkjjar må ha behov for kommunens helse – og omsorgstenester gjennom døgeret, tilsyn utover 6 -8 gangar pr. døgn. Søkjjar med nedsett hukommelse/demenssjukdom med behov for nærleik til tenester, dagtilbod og tilrettelegging med fellesskap rundt måltid. Heilskapleg vurdering av fysisk, psykisk helse i tillegg til brukaren sin sosiale situasjon.



	Det er tilstrekkeleg at eit av kriteria er oppfylt.
Innhald i tenesta:	Fysisk tilpassa kommunal bustad med nærleik til personale Helse- og omsorgstenester vert innvilga etter behov.
Avgrensing:	
Grensesnitt til andre tenester:	Tilrettelegging av eigen heim Ordinær omsorgsbustad Langtidsplass i institusjon
Nivå/ vanleg omfang:	Tildeling eller avslag
Eigenbetaling for teneste:	Etter gjeldande satsar og kommunestyrevedtak vedkomande eigenbetaling for husleige og tenester.
Klageadgang:	<p>Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven §7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande. Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p> <p>Det kan også klagast på tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til avdelingsleiar i eininga som yt tenesta, eller ved at brukar sender førespurnad til statsforvaltaren i Vestland om vurdering av saka, jamfør pasient- og brukerrettighetsloven § 7-4</p> <p>Det kan klagast på eigenbetaling, klagefrist er 3 veker. Klage sendast til økonomikontoret.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfase:	<p>Tildelingskontoret gjennomfører samtale med brukar og eventuelt pårørande/verje.</p> <p>Det skal utførast vurderingsbesøk i heimen saman med dei instansar som er naudsynt for å få ei heilskapleg vurdering (kartleggingsteam med eks. fysioterapeut/ergoterapeut etc.).</p> <p>Tildelingskontoret innhentar naudsynt og tilstrekkeleg informasjon frå fastlege, andre kommunale einingar og eventuelt spesialisthelsetenesta.</p>

Kven innvilgar tenesta/gjev avslag på tenesta?	Tildelingskontoret fattar einskildvedtak.
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	Venteliste. Auka tenester i heimen i påvente av plass.
Kven utfører tenesta:	Personell i heimetenesta yt helse- og omsorgstenester til bebuaren.
Oppstart av tenesta:	Når ein brukar er innvilga teneste er det utførar/OBTH som skal informera om oppstartsdato. Dette vert ført i journal, oppstart av teneste. Tenesta skal i verk settast innan forsvarleg tid jf. Helse- og omsorgstenestelova § 4-1.
Tenesta avsluttast:	Tenesta vert avslutta når behovet ikkje lenger er tilstade eller at omsorgsnivå vert endra. Avslutning skal gå fram av journal og naudsynte instansar skal informerast, jamfør gjeldande rutinar. Ved endring i omsorgsnivå skal brukar og pårørande medverke i den vidare prosessen. Viser det seg at grunnlaget for sjukeheim er klart, så vert det neste omsorgsnivå. Skulle det, etter en tid, vise seg at brukar kan flytte til tenester utan døgnkontinuerleg tilsyn, må dette erstattast med hjelp på ein slik måte at brukar og pårørande er trygg på at tilbodet er forsvarleg .og tilfredsstillande. Tenesta har kontakt med pårørande og informerer tildelingskontoret, bustadansvarleg og økonomikontoret om endring i tenestebehov/ opphøyr av teneste. Tenesta orienterer også ergoterapeut for innlevering av eventuelle hjelpemiddel.
Utviklingspotensial:	I nokon tilfelle der brukar «friskar til» etter ei tid i heildøgn teneste kan foreksempel velferdsteknologi saman med punkttenester erstatte heildøgnstilbod. Dette skal vurderast i samhandling med brukar og eventuelt pårørande.



	Tildelingskontor, helsepersonell og andre samarbeidspartnarar vil arbeide aktivt med å styrke bruk av velferdsteknologi, slik at brukar kan bu lengst mogeleg i eigen heim før vedkomande treng teneste med heildøgns- teneste.	
Anna:	Utvasking av omsorgsbustad ved utflytting vert bestilt av tenesta, og faktura går til bebruar, eller bebuars dødsbu. Det er ikkje høve til at pårørande tar på seg oppgåva med utvasking. Leiligheten skal vere tømt for møbler og det skal vere utført utvask innan ei veke etter at brukar har flytta ut.	
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Omsorgsbustad

Tenestebeskriving:	Omsorgsbustad
Tenestekode i Fagprogram:	OMS
Mottak av søknad :	Søknad vert sendt til tildelingskontor i Austevoll
Lovverk:	Kommunal særtying
Føremål:	Omsorgsbustad er eit tilbod til personar som grunna alder, helse, funksjonshemming mv. har eit omfattande behov for ein tilrettelagt bustad med nær tilknytning heimesjukepleia, og som er avhengig av praktisk/personleg hjelp for å greie dagleglivet sine gjeremål.
Målgruppe:	Søklar med lågt funksjonsnivå som ikkje kan bu i sin opphavelege bustad grunna nedsett funksjonsnivå, og der heimen ikkje er tilrettelagt for at heimetenesta kan gje forsvarleg hjelp.
Kriteri/vurdering:	<p>Søklar må ha budd i Austevoll kommune i minimum 2 år.</p> <p>Søklar må vere i behov for varig og omfattande assistanse som krev meir nærleik til bistandspersonell enn kva ein sikre søklar eigen heim.</p> <p>-Det må gjerast ei vurdering på om søklar kan bu i sin opphavlege heim viss den vert tilrettelagt med fysiske hjelpemidlar.</p> <p>-Om byggtekniske tiltak kan settast i verk i søklar sin heim, så som: heis, rullestolrampe, ombygging av bad, toalett, flytte soverom ned i første etasje etc.</p> <p>-Om velferdsteknologiske hjelpemiddel kan setjast inn.</p>
Innhald i tenesta:	Tilrettelagt bustad
Avgrensingar:	Søklar får tilbod om bustad som er ledig og vert vurdert til å vere eigna til behov. Visst søklar ikkje ynskjer å flytte inn i den bustaden ein får tilbod om, så vert saka avslutta, og ein må søkje på nytt.
Grensesnitt til andre tenester:	Omsorgsbustad er ikkje ei eiga teneste.
Nivå/ vanleg omfang:	Tildeling eller ikkje.
Eigenbetaling for teneste	Leigekontrakt vert inngått etter <u>husleieloven</u> Husleige er fastsett i husleige kontrakt.



	<p>Søkjar har høve til å søkje om bustøtte frå Husbanken etter gjeldande regelverk.</p> <p>Husleigesats er fastsett av kommunestyre, og husleiga vert indeksregulert årleg.</p>
Klageadgang:	<p>Omsorgsbustad er ikkje ei helse- og omsorgsteneste. Klagerett følgjer reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klagefrist er 3 veker, klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til handsaming i den kommunale klagenemnda.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Tildelingskontoret gjennomfører samtale med brukar og eventuelt pårørande/verje.</p> <p>Det skal utførast vurderingsbesøk i heimen saman med dei instansar som er naudsynt for å få ei heilskapleg vurdering (kartleggingsteam med eks. fysioterapeut/ergoterapeut etc.).</p> <p>Tildelingskontoret innhentar naudsynt og tilstrekkeleg informasjon frå fastlege, andre kommunale einingar og eventuelt spesialist-helsetenesta.</p>
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta?	Tildelingskontoret fattar einskildvedtak.
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	<p>Det vert oppretta venteliste viss det ikkje er ledig bustad i kommunen. Venteliste vert administrert av tildelingskontor.</p> <p>Viss det ikkje er fagleg forsvarleg at søker bur i eigen heim til vedkomande får tilbod om omsorgsbustad, så skal ein få tilbod om avklaringsbustad (midlertidig bustad lokalisert på Storebø brygge).</p>
Kven utfører tenesta:	<p>Bustadansvarleg og vaktmeistertenesta fylgjer opp bustaden.</p> <p>Helsepersonell i tenesta yt helse- og omsorgstenester til bebuaren.</p>
Oppstart av tenesta:	<p>Tildelingskontoret orienterer bustadansvarleg i kommunen om ny tildeling av omsorgsbustad.</p> <p>Bustadansvarleg skriv kontrakt med leigar av omsorgsbustad.</p>



	<p>Signert kontrakt vert skanna inn i websak og postjournal i Profil av servicekontoret.</p> <p>Bustadansvarleg i kommunen delar ut nykler og viser husværet/ informerer om regler og brannforskrifter.</p> <p>Tildelingskontoret legg inn tenesta i fagprogrammet.</p>	
Tenesta avsluttast:	<p>Pårørande/ bebuar seier opp leigetilhovet (eventuelt av kommunalt tilsette).</p> <p>Når bebuar flyttar ut (enten til eit høgare nivå på omsorgstrappa, eller ved dødsfall), så skal utflytting skje utan ugrunna opphald.</p> <p>Leiligheten skal vere tømt for møbler og det skal vere utført utvask innan ei veke etter at brukar har flytta ut.</p> <p>Det er ikkje høve for påørande å bu i bustaden når bebuar ikkje er der.</p> <p>Tenesteytar skriv ut bebuar frå omsorgsbustad, i fagprogrammet (både stopp i teneste, og utskriving frå omsorgsbustad).</p> <p>Tenesteytar varslar økonomikontoret når bebuar er flytta ut.</p> <p>Heimetenesta/ Miljøarbeidertenesta varslar bustadansvarleg i kommunen om at bebuar er flytta ut.</p> <p>Bustadansvarleg/ vaktmeistertenesta bestiller reinhald av bustad frå ASV, kostnad for reinhald vert fakturert bebuar / bebuars dødsbu.</p>	
Utviklingspotensial:	<p>Tilpassing av eigen heim.</p> <p>Velferdsteknologi.</p> <p>Rehabilitering/ habilitering i heimen.</p> <p>Kvardagsrehabilitering</p>	
Anna:	<p>Ein kan søkje om overflytting frå ein bustad til ein annan når ein har flytta inn i ein omsorgsbustad.</p> <p>Kommunens omsorgsbustader har fått tilskot frå Husbanken for bygging av omsorgsbustader.</p> <p>Tilskotet er tenkt å ivareta behovet for omsorgsbustad til personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester, tilrettelagt for at slike tenester kan ytes etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c, jf. § 3-7</p>	
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Tryggleiksalarm

Tenestebeskriving:	Tryggleiksalarm
Tenestekode i Fagprogram:	TRY
Mottak av søknad :	Tildelingskontoret
Lovverk:	Ikkje lovpålagt oppgåve
Føremål:	Tryggleiksalarm skal bidra til at brukar opplever auka tryggleik i eigen heim ved at vedkomande enkelt kan varsle helsepersonell via tryggleiksalarmen ved behov for assistanse.
Målgruppe:	Brukarar som vil ha stor helsemessig nytte av tenesta, der andre alternativ ikkje er tilfredsstillande.
Kriteri/vurdering:	<p>Brukar må ha eit reelt behov for tryggleiksalarm for å kunne tilkalle hjelp, og det er vurdert at anna måte å tilkalle hjelp på ikkje er tilstrekkeleg.</p> <p>Brukar må vere i stand til å administrere tryggleiksalarmen i form av å trykke på alarmknappen ved behov for hjelp.</p> <p>Brukar må vere villig til å levere frå seg nøkkel til bustaden til disposisjon for pleie- og omsorgstenesta.</p>
Innhald i tenesta:	<p>Tryggleiksalarm beståande av GX-8 som plasserast på eigna stad i husværet samt alarmknapp som brukar anten har i snor rundt halsen eller på klokkereim rundt handleddet.</p> <p>Brukar kan trykke på alarmknappen for å kome i kontakt med tenesteytar viss det er behov for assistanse. Tenesteytar rykkjer ut til brukar med bistand dersom det er behov for dette.</p>
Avgrensingar:	<p>Dersom søkjar kan nytte hurtigtast på mobil og dermed ikkje er i behov for tryggleiksalarm.</p> <p>Viss ikkje søkjar vil levere frå seg nykel til husværet, så kan ein ikkje montere alarm.</p> <p>Det må vere mogleg for heimetenesta å kunne rykke ut heile døgnet.</p> <p>Når søkjar har kognitiv svikt, og ikkje kan administrere alarm.</p> <p>Misbruk av alarm, som medfører ugrunna utrykking frå heimetenesta vil kunne medføre inndraging av alarm.</p>

Grensesnitt til andre tenester:	<p>Helsetenester i heimen.</p> <p>Annan type velferdsteknologi.</p>
Nivå/ vanleg omfang:	<p>Ein alarm pr brukar.</p> <p>Kan kople på ektefelleknapp.</p>
Eigenbetaling for teneste	<p>Sats for leige av tryggleiksalarm er fastsett i kommunestyrevedtak, og pris vert revidert årleg ved nytt årsbudsjet.</p> <p>Ein har 2 satsar, inntekt under og over 2 G er styrande for eigenbetaling.</p> <p>Det er hustandens samla inntekt som vert lagt til grunn i samband med fastsetting av betaling.</p>
Klageadgang:	<p>Klagerett følgjer reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klagefrist er 3 veker, klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller representant for vedkomande.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til handsaming i den kommunale klagenemnda.</p>
Kommunikasjon i kartleggingsfasen:	<p>Tildelingskontoret gjennomfører samtale med brukar og eventuelt pårørande i heimebesøk. Ved behov gjennomførast vurderingsbesøk saman med dei instansar som er naudsynte for å få ei heilskapleg vurdering (kartleggingsteam med eks. fysioterapi/ergoterapi avdelinga etc).</p> <p>Tildelingskontoret innhentar informasjon frå aktuelle instansar.</p>
Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta? Og korleis vert dette utført:	<p>Tildelingskontor fattar einskildvedtak.</p>
Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):	<p>Ved mangel på alarmer eller skade på alarm, så vert det meldt frå til leverandør, og bestilt nye etter ein kvar tid gjeldande rutine.</p>
Kven utfører tenesta:	<p>Tenesteytar følgjer opp alarmer som er utløyst av brukar samt servicemeldingar frå det tekniske utstyret.</p>



Oppstart av teneste:	<p>Tildelingskontoret klargjer tryggleiksalarm og alarmknapp ved å legge inn opplysningar om brukar på Careium- og Sensio-plattformene. Tildelingskontoret varslar vaktmeister om alarm som er klar til montering.</p> <p>Vaktmeister hjå ASV plasserer ut alarm i brukar sin heim og monterer nøkkelboks. Vaktmeister har direkte dialog med tenestemottakar/ pårørande og avtalar tid for utplassering.</p> <p>Tenesteytar vert orientert om ny brukar ved melding i «Huskelapp» i Profil samt kopi av vedtak.</p>	
Avslutte teneste:	<p>Etter avtale med brukar eller pårørande. Tildelingskontoret avsluttar tenesta. Heimetenesta/ sakshandsamar ved tildelingskontor skriv stopp i tenestebilde i Profil/ Careium / Sensio. Sakshandsamar ved tildelingskontoret stoppar fakturering for teneste. Vaktmeister på ASV hentar inn alarm og skrur ned nøkkelboks.</p>	
Utviklingspotensial:	Koble til brannalarm og anna sensorteknologi til GX-8.	
Anna:		
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Velferdsteknologi

Tenestebeskriving:	Velferdsteknologi, inngripande varslings- og lokaliseringsteknologi.
Tenestekode i Fagprogram:	LOK (Lokaliseringsteknologi). EMED (Elektronisk medisineringsstøtte). DTIL (Digitalt tilsyn).
Mottak av søknad :	Tildelingskontor fattar vedtak på heimesjukepleie, tenesta vurderer bruk av velferdsteknologi saman med søkjer.
Lovverk:	Pasient og brukarrettighetsloven § 2.1a, andre ledd. Helse- og omsorgstjenesteloven § 3.2 nr. 6 bokstav a og/eller b.
Føremål:	Sikre at tenestemottakar får naudsynt helsehjelp. Bidra til auka tryggleik for tenestemottakar og pårørande. Styrke tenestemottakar sin evne til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for sjukdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne.
Målgruppe:	Personar med sjukdom, skade og lidning, eller nedsett funksjonsevne som fører til manglande tryggleik og fare for akutte situasjonar i heimen, kan gjere seg nytte av digitalt tilsyn. Personar med sjukdom, skade og lidning, eller nedsett funksjonsevne, som kan ha auka livskvalitet med å kunne ferdast utandørs, ved hjelp av lokaliseringsteknologi. Personar som grunna redusert helsetilstand, har behov for påminning om å ta legemidlar til rett tid og kan gjera seg nytte av elektronisk medisineringsstøtte.
Kriteri/vurdering:	Tenesta skal være med å hindre helsemessig skade, gje brukar fridom og tryggleik. Tenesta skal leggast til rette med respekt for den einkilde sin fysiske og psykiske integritet, og så langt som mogleg i samsvar med tenestemottakar sin rett til å bestemme sjølv. Tenesta vil være eit supplement for tenestemottakar, for å sikra forsvarleg og god nok teneste.

Innhald i tenesta:	Varslingsteknologi- og lokaliseringsteknologi. Sjå målgruppe.
Avgrensingar:	Ikkje teknologi som kjem inn under smarthus teknologi, som automatisk styring av lys, varme, vindauge, dørar, straumforbruk, lyd og bilete.
Grensesnitt til andre tenester:	<p>Heimesjukepleie</p> <p>Praktisk bistand</p> <p>Omsorgsbustad med heildøgnteneste</p> <p>Sjukeheim</p> <p>korttidsopphald</p> <p>Legeteneste</p> <p>Spesialisthelseteneste</p> <p>Tilsette</p>
Nivå/ vanleg omfang:	<p>Ein lokaliseringsteknologi pr tenestemottakar, men varierer med behovet.</p> <p>Elektronisk medisineringsstøtte:</p> <p>Ein dispenser pr tenestemottakar.</p> <p>Digitalt tilsyn:</p> <p>Ein tryggleiksalarm/styringseining pr tenestemottakar. Talet sensorar varierer med behovet.</p>
Eigenbetaling for teneste	<p>Viss tenesta er heimla som heimesjukepleie, så er det ingen betaling for teneste.</p> <p>Er tenesta heimla som praktisk bistand, så er det ei betalingsteneste, der ein betaler etter inntekt/ årleg fastsett sats i kommunestyret. Inntekt under 2G, betalingssats er fastsett av departement.</p>
Klageadgang:	<p>Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven § 7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller nokon med mynde til å representere søkjar.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p> <p>Det kan også klagast på innhald i tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til eininga som yt tenesta.</p>

<p>Kommunikasjon i kartleggingsfasen:</p>	<p>Samtale med brukar og eventuelt pårørende eller verje. Vurdering av brukar sin samtykkekompetanse. Innhenting av informasjon frå samarbeidande partar.</p> <p>Ved vurdering av denne form for teneste, skal det vurderast om andre tiltak er mindre inngripande og vil vera tilstrekkeleg nok i forhold til å kunna sikra forsvarleg og god nok teneste . Dette i forhold til brukar sine hjelpe behov og dei ressursane kommunen har tilgjengeleg.</p> <p>Har brukar fått tilpassa informasjon? Er ikkje brukar sjølv i stand til å ta imot informasjonen, skal det vera tatt kontakt med nærast pårørende og gitt informasjon og innhenta informasjon om kva som her vil vera brukar sine ønske.</p> <p>Kartlegging skal dokumenterast i EPJ. Samtykkeskjema skal skannast inn i EPJ</p>
<p>Kven innvilgar tenesta/ gjev avslag på tenesta? Og korleis vert dette utført:</p>	<p>Tildelingskontor fattar einskildvedtak på teneste, medan tenesteytar vurderer om brukar kan få teneste som om velferdsteknologi.</p>
<p>Korleis vert kapasitet utfordringar handtert (ressursar og kompetanse):</p>	<p>Utstyr kan ikkje plasserast ut, utan at ein er sikker på at det er naudsynt kompetanse hos tenesteytar til å ivareta dette. Tenesteytar må syte for at kompetansen i avdelinga er oppdatert til ei kvar tid. Det må vere dedikerte personar som i varetek den daglege drifta ute hos tenesteytar.</p>
<p>Kven utfører tenesta:</p>	<p>Tenesteytar i varetek den daglege drifta med velferdsteknologi.</p>
<p>Oppstart av teneste:</p>	<p>Tildelingskontoret fattar vedtak om pleie- og omsorgsteneste, og informerer brukar/ pårørende gjennom dette vedtaket. Digitalt tilsyn: ASV eller rådgjevar velferdsteknologi plasserer ut teknologien Elektronisk medisineringsstøtte: Tenesteytar plasserer ut teknologien Viss tenesteytar ikkje har kjennskap til teknologien frå før, så få tenesta opplæring hos rådgjevar/velferdsteknologi eventuelt frå leverandør av utstyr. Tenesteytar dokumenterer den daglege bruken av tenesta i EPJ, samt formidlar til leiar endringar som krev andre tiltak.</p>



Tenesta avsluttast:	Tenesteytar kartlegg nytteverdi, forsvarleg bruk, og orienterer tildelingskontoret om dette. Tenesteytar avsluttar teneste i samråd med brukar/pårørande. Dokumenterast i EPJ. Utstyr skal handsamast etter eigne prosedyrar.	
Utviklingspotensial:	Rettleiing for tenesteytarar, som har opplæring og tilgang til å administrere, utlevere og avvikla sensorteknologi, som kjem innunder kategorien inngripande varslingsystem. Teknologi opp mot spesialisthelsetenesta så som digitale møter mellom tenesteytar og lege/ spesialisthelsetenesta, samt legevurdering og samtale med pasient over sikkert nett, måleteknologi m.m.	
Anna:	Fagprogram (EPJ) tilpassar seg utvikling innanfor E-Helse. Betre dialog på tvers. https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/registrering-av-iplos-data-i-kommunen/rapportering-av-velferdsteknologi	
Ansvar og mynde:	Tenesteytar er ansvarleg for å ha og innhente kunnskap om lovverket i forhold til samtykke og skal kunne vurdere om brukar er samtykkekompetent, samt ha kunnskap om bruk av tvang og makt.	
Avvik:	Dokumenterast og registrerast i kvalitetssystemet sin avviksmodul og i brukar sin EPJ.	
Dato: 05.10.23	Stad: STOREBØ	Reviderast:

Pårørandestøtte, opplæring og rettleiing

Tenestebeskriving:	Pårørandestøtte i form av opplæring og rettleiing.
Tenestekode i Fagprogram:	PÅVEIL
Mottak av søknad :	Tildelingskontoret
Lovheimel:	Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-8 Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 nr. 1 Prop.49 L (2016-2017)
Føremål:	Tenesta skal bidra til at pårørande med sær tyngande omsorgsarbeid skal få naudsynt opplæring og rettleiing, slik at pårørande meistarar og ønskjer å stå i omsorgsarbeidet over tid.
Målgruppe:	Pårørande som står i særleg tyngande omsorgsarbeid og som utfører omsorgsarbeid som kommunen ville hatt plikt til å utføre dersom omsorgsytar ikkje hadde gjort det.
Kriteri/vurdering:	Den som har hjelpebehovet, må ha rett til naudsynte helse- og omsorgstenester. Omsorgsarbeidet vurderast som særskild tyngande. Både den som har eit hjelpebehov og den som utøver omsorga må ynskje at omsorgsarbeidet skal halde fram. Det vurderast at opplæring- eller rettleiingstiltak gjer dei pårørande i betre stand til å ivareta brukaren på ein forsvarleg måte. Det vert vurdert at opplæring og/eller rettleiing gjer dei pårørande betre i stand til å ivareta omsorgsoppgåvene og rolla som pårørande, samstundes som dei i varetek si eiga helse og eigen livssituasjon.
Innhald i tenesta:	Individuell rettleiing og opplæring eller rettleiing og opplæring i gruppe. Opplæring og rettleiing knytt til sjukdom og/ eller funksjonshemming. Opplæring i bestemte arbeidsoppgåver, så som stresshandtering eller korleis utføre tunge løft.



Avgrensingar:	Når det gjeld barn, så har foreldra lovpålagt omsorgsplikt etter barnelova. Det er berre omsorgsarbeid som klart overstig det som er vanleg for barn på same alder, eller som går ut over det ein med rimelegheit kan forvente at foreldra skal kunne ivareta, som reknast som særleg tyngande.
Grensesnitt til andre tenester:	Avlastningstiltak Omsorgstønad Demenskoordinator Kreftkoordinator Rettleiing i regi av PPT Rettleiing i regi av barnevern
Nivå/ vanleg omfang:	Inntil 1 time i veka i max 12 veker.
Eigenbetaling for teneste	Ingen eigenbetaling.
Klageadgang:	<p>Det kan klagast på einskildvedtak innan frist på fire veker jf. Pasient – og brukerrettighetsloven § 7-2. Klaga skal være skriftleg og underteiknast av søkjar eller nokon med mynde til å representere søkjar.</p> <p>Klaga skal sendast til kommunen, som skal gjere ei ny vurdering om det er grunn for endringar i vedtaket. Viss kommunen ikkje finn grunn for endringar som fylgje av klaga, skal klaga sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.</p> <p>Det kan også klagast på innhald i tenesta, som kvaliteten på helsehjelpa eller på helsepersonell. Dette gjerast med skriftleg signert klage som sendast til eininga som yt tenesta.</p>
